



Helse, skog og klima





SKOGSELSKAPET

Bergen og Hordaland

Å sjå skogen for meir enn berre tre

Skogselskapet har som formål å fremje forståinga for skogens betydning for næring, klima og helse. Vi skal gi informasjon og opplæring om skog for aktørar i heile landet, og vere ein brubyggjar mellom skogbruk, naturvern og friluftsliv. Dette har kanskje aldri vore meir aktuelt enn akkurat no.

Vi ein ideell organisasjon grunnlagd i 1898, med **Hans Majestet Kongen** som vår høge beskyttar. Til saman har vi 7400 engasjerte medlemmar fordelt på 16 fylkesskogselskap frå Finnmark i nord til Agder i sør.



7.400 MEDLEMMAR



16 FYLKESSKOGSELSKAP




1898 ÅR GRUNNLAGT



NORSK VIRKESMÅLING

"Vi måler tømmer og flis for å skaffe et nøytralt oppgjørsgrunnlag for kjøper og selger av skogsvirke"



Skogen er ein fantastisk ressurs som vi skal forvalte til det beste for samfunnet!


Satsingsområda våre er:

- 🌿 Skog og klima
- 🌿 Skog og helse
- 🌿 Skog og skogbruk

Ei av kjerneoppgåvene våre er opplæring av barn og unge, slik at dei får viktig kunnskap om skogens kretsløp, blir kjent med artane som lever der og lærer om skogen som fornybar ressurs og næringsgrunnlag.



**HELLAND
HOGST AS**



KESLA

HITACHI

VALTRA

RETT UTSTYR ER HALVE JOBBEN

Helland Hogst AS er et allsidig firma som utfører alt innen skogrydding

 hellandhogst.no

 920 40 379

 rune@hellandhogst.no

Skogselskapet i Bergen og Hordaland

Arbeidet i Skogselskapet Bergen og Hordaland (SBH) er i tråd med Det Norske Skogselskap (DNS) sine arbeidsområde. DNS skal formidle faktabasert og objektiv kunnskap om skogen, med overordna tema som skog og helse, skog og klima og skog og skogbruk.

Vi skal i hovudsak jobbe ut mot ålmenta, og skuleskogdagar, familiedagar og opne skogdagar for alle er viktige satsingsområde for oss.

Storsatsing på ungdom

Gjennom satsinga JOB:U vil SBH sørge for at ungdom blir kjende med skogen og får erfaring frå ei grøn og framtidretta næring. JOB:U organiserer og tilbyr ungdom sommarjobb i skogen, primært ungskogpleie. Ungdommane startar med kurs i ungskogpleie og får vidare praksis gjennom sommarjobben. I tillegg til rekruttering bidrar også prosjektet med sommarjobb til studentar som har valt skogutdanning. Desse vil få ein meiningsfull sommarjobb som arbeidsleiarar i JOB:U, i tillegg til nettverk og verdifull erfaring. Frå 2024 vil JOB:U gå frå å vere eit austlandsprosjekt til å bli eit tilbod for ungdom i heile landet.



TRÅ & VELKEN
SKOGSDRIFT AS

Lars S. Velken
GRANVIN - Mob. 9018 6921
www.skogsdrift-as.no



Trå og Velken Skogsdrift AS tek på seg skogsdrifter i indre strøk av Vestland. Tømmeret vert omsett av AT Skog SA med kontoradresse Voss.

Rettleiing og formidling for skognæringa

Aktivitetar retta mot skognæringa og skogeigarane er også eit viktig satsingsområde for oss. Vi gir råd til nye skogeigarar slik at dei kan ta gode val for forvaltninga av skogen. Aktivitetane vert gjennomførde i godt samarbeid med Skogselskapet i Sogn og Fjordane.

I tillegg til aktivitetar kan Skogselskapet i Bergen og Hordaland tilby rettleiing og formidling innanfor skogbruksplanlegging:

- 🌿 Kva er viktig å tenke på før hogst?
- 🌿 Kva for spørsmål skal eg stille til hogstentreprenøren?
- 🌿 Treng eg å utbetre eksisterande skogsvegar eller bygge nye vegar?
- 🌿 Er det mogleg å samarbeide med naboar om gode løysingar?
- 🌿 Kostnadsvurderingar og liknande

Styret i Skogselskapet i Bergen og Hordaland 2024

- 🌿 **Styreleiar:** Henrik A. Valle
- 🌿 **Nestleiar:** Trond Håvard Bjørnstad
- 🌿 **Styremedlem:** Trine Hilstad
- 🌿 **Styremedlem:** Stig Håland
- 🌿 **Styremedlem:** Jørgen Frønsdal
- 🌿 **Varamedlem:** Magne Gjuvslund
- 🌿 **Varamedlem:** Åge Bremer

Sjå oppdatert liste på vår heimeside



SKOGSELSKAPET

Bergen og Hordaland

Naturskule på Fløien

Skogselskapet i Bergen og Hordaland har i vinter hatt eit samarbeid med Fløibanen AS og aktivitetsavdelinga deira på Fløien. Saman har vi arrangert naturskule for elevar frå 5. til 7. klasse. Naturskulen fokuserer på ulike tema gjennom året. Vi har utarbeidd eit fagopplegg for vintersesongen som vi kallar «Naturskole Vinter».

I tillegg til generell informasjon om skogens mangfald lærte elevane om tre, vekst og volum. I andre omgang lærte dei om kløyving av ved, og lærte å lage bål og varme drikke på bålet. Variasjonen i tema bidro til å halde motivasjonen oppe blant elevane i dei 3,5 timane undervisinga varte. Det var stor påmelding til arrangementa og vi har til saman arrangert 15 skuleskogdagar.



Har tilbydd profesjonelt arbeid innan trefelling, tomterydding og flishogging sidan 1987. Produserer og leverer energiflis.

Leveranse av flis til leikeplasser og barnehager

Fullforsikra, med eige HMS-system.
Gode referansar.



olav@opskog.no



915 77 933



Skogdagar for skogeigarar

Vi arrangerer skogdagar for skogeigarane i Hordaland med ulike fokusområde, tilpassa lokale problemstillingar. Her tek vi opp tema som ungskogpleie, taubanedrift vs. hogstmaskindrift, lønsame skogbrukstiltak, tilskotsordningar, ulike driftsformer, driftskostnader, tømmerprisar, skogfond og marknaden framover. Skogselskapet, AT Skog, Statsforvaltaren og lokale skogbrukssjefar deltar på skogdagane.



I løpet av hausten 2024 har det vore arrangert skogdagar i Voss, Kvam, Ullensvang, Etne, Kvinnherad, Bergen, Osterøy og Alver.



Telefon:
950 34 789



**LERØY
SKOG AS**

Skogselskapet Bergen og Hordaland

📍 Brugata 6, 5200 Os

☎ Dagleg leiar Atle Toft Almeland

Tlf: 908 90 325

✉ ata@skogselskapet.no

🌐 www.skogselskapet.no

